

Referat frå Bibliotekarforbundet i Møre og Romsdal sitt årsmøte 5. mars 2014

Møtet vart halde i Rica Parken hotell i Ålesund. **11** medlemmer var tilstades.

Leiaren ønskte velkomen. SMS frå leiaren om dato for årsmøtet vart sendt til alle medlemmane den 16.12.2013. Formell innkalling vart sendt på mail og SMS den 13. februar 2014. Leiaren beklaga at denne vart sendt ei veke etter frist. Møteinnkalling var likevel godkjent.

Mariann Schjeide vart valt til møteleiar og leiaren til å skrive referat.

Følgjande saker vart så behandla:

Årsmelding.

Leiaren las årsmeldinga, som vart godkjent med endring av namnet Tim Bock, Sande bibliotek til Hilde Alvestad, Sykkylven bibliotek i valkomiteen i oversikten over tillitsvalgte.

Budsjett og aktivitetsplan.

Det vart ikkje lagt fram aktivitetsplan. Leiaren refererte budsjettet og kommenterte mangelen på aktivitetsplan med den grunngevinga at aktiviteten til Møre og Romsdal Bf i hovudsak vil vere å forhandle lønn for medlemmane og sidan det er hovudoppgjer i 2014 vil styret arrangere ein kick off i forkant av forhandlingane. Dette går fram av budsjettet som vart presentert.

Rekneskap og revisjonsmelding

Leiaren refererte rekneskapen som synte eit «overskot» på 9389,81. Og ordstyraren refererte revisjonskommentaren.

Innkomne saker.

Ingen saker var komt inn. Elisabeth Soleim frå fekk ordet til å oppmode styret om å arrangere Kick off så tidleg som mulig etter at det sentrale oppgjeret er klart.

Val

Elisabeth Kjerstad referte komiteen sitt forslag til styre. Møtet valgte så slikt styre enstemmig:

Vidar Kursertgjerde – leiar (for 2 år)
Ellen Lillestøl - styremedlem (ikkje på val)
Kari Bigum Kvernberg – styremedlem (ny)
Gro Feght – vara (gjenvall)
Kari Nesdal – vara (gjenvall)
Tim Bock – revisor (gjenvall)
Anne Husøy – forhandlingsutvalg (gjenvall)
Gudrun Refstrup – forhandlingsutvalg (gjenvall)

Til Bf sitt landsmøte 13. og 14. november vart styret valgt.

Elisabeth Flåskjer Kjerstad – valkomite (gjenvall)
Hilde Alvestad – valkomite (jenvall)
Karin Almås – varamedlen i valkomiteen (gjenvall)

Vidar Kursetgjerde (referent)